



ÅRSMELDING 2020

ÅRSMELDING

IL JOTUN HANDBALL

for perioden

1. januar 2020 til 31. desember 2020

PÅ VEG MOT HUNDRE!



1. Velkommen
2. Konstituering
3. Årsmelding
4. Rekneskap 2020 for aldersbestemt handball
5. Budsjett 2021 for aldersbestemt handball
6. Rekneskap 2020 for handball senior
7. Budsjett 2021 for handball senior
8. Val



1 STYRET SI SAMANSETJING FRÅ 2019 TIL 2020

Leiar:	Gunnar Christian Huse	2018-2020
Nestleiar:	Benjamin Nese	2019-2021
Sekretær:	Anette Svori	2018-2020
Økonomileiar senior	Reidun Myrland	2019-2020
Styremedlem sportsleg utval	Terje Sylvarnes	2018-2020
Styremedlem	Hilde Midtun	2019-2021
Styremedlem	Vibeke Fusche Moe	2018-2020

2 GRUPPER – UTVAL – KOMITEAR

Eit trenarforum har jobba med ein sportsplan, og skulle etter planen ha lagt fram eit forslag. Denne planen skulle vore ferdig og planlagt tatt i bruk inn mot sesongen 2020/21. På grunn av situasjonen rundt korona, og mykje arbeid knytt til planar mtp. smittvern i samband med dette, blei sportsplanen sett på vent. Dette arbeidet blir sett i gong att så fort som mogeleg.

Basaransvarleg 2020: Monica Hybertsen da Silva

Styret har vedteke at foreldre på J12 og G12 skal vere ansvarlege for gjennomføringa av basaren.

Andre som hjelper til på basaren er: oppmenn/ foreldrekontaktar, frivillige og handballstyret.

Ansvar minihandball: Anette Svori

Ansvar for kiosk/lager: Marita Lindborg.

3 MØTE, ARRANGEMENT OG ANDRE AKTIVITETAR

Styremøte:

Det har vore åtte styremøte i løpet av årsmøteperioden, der det har vore handsama 19 saker. Det har vore omlag eitt styremøte kvar månad, utanom sommarmånadane. Utover dette samarbeider styremedlemane gjennom e-post.

Andre møte:

Det har vore halde informasjonsmøte med spelarar, trenarar og støtteapparat. Det har og vore gjennomført fleire møte med seniorspelarar, og møte samband med basaren. Det er og heldt fleire møter med trenarar og oppmenn angående tiltak for å kunne gjennomføre treningar og kampar med smittevernstiltak.

Leiar i gruppa har delteke på hovudstyremøta, og Harald Wahlquist har delteke på møta i anleggsutvalet i Jotun.



Inntekstgjevande arrangement:

Den årlege basaren var planlagt gjennomført i starten av desember. På grunn smittevernstiltak mtp. korona, så var det ikkje mogeleg å få gjennomført basaren i 2020. Det blei selt loddbøker, der trekninga blei gjennomført måndag 7. desember 2020 i klubbhuset, med følgjande personar til stades: Gunnar Chr. Huse, Tor Erik Sveen, Monica da Silva, Yvonne Finnebotn, Lisell Måren, Kjersti Ese og Silje Berge. På tross av eit manglande arrangement, gav inntektene frå loddbøkene gode inntekter til handballen.

Aktivitetar:

Minihandball:

3. og 4. klassingane som er med på allidrett har hatt tilbod om å delta på turneringar i sone 3. Det har vore svært varierende kor mange som har meldt seg på til turneringane. Ein kan sjå samanheng mellom kor mange som melder seg på, og kor langt vekke turneringane blir arrangert. Dess nærare, dess fleire. På grunn av situasjonen rundt korona, blei det berre gjennomført to turneringar for J/G9 denne sesongen. Ein på Leikanger, og ein i Årdalshallen. J/G8 har ikkje delteke på nokon turnering denne sesongen.

4 SAKER OG SPONSORAR

Sponsorar:

Følgjande verksemder er IL Jotun sine hovudsponsorar:

- Sparebanken Sogn og Fjordane (felles med hovudlaget)
- Årdal Energi KF (felles med hovudlaget)
- Årdalsnett (felles med hovudlaget)

IL Jotun Handball har vorte støtta med gåver til basar og kamplotteri frå fleire bedrifter. Me ønskjer å takke alle bedrifter og næringsdrivande som har støtta oss.

Draktsponsor: Hydro Aluminium Årdal

Plakatsponsorar i Årdalshallen:

- Sogn Avis
- HMR
- BDO
- Mekonomen
- Caverion
- Olav O. Hæreid
- Indre Sogn Bil
- Klingenberg hotell
- Elektromontasje AS
- Sogn Sparebank
- Toyota Sogn
- Monter Andersen
- Sogn Skadeservice
- Sparebank1
- Sportshuset Årdal
- Kleiven Sogn

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon
Telefaks

Bank
3705 39 43471
Foretaksregisteret
975 702 308



5 MEDLEMSTAL

Ved utgangen av 2020 har me 211 barnemedlemar, og 46 vaksne medlemar. Samla utgjer dette 257 medlemar.

IL Jotun Handball merkar at det stadig vert færre ungar som spelar handball. Det er viktig at det vert jobba med rekruttering framover, og godt samarbeid med dei andre gruppene i idrettslaget er naudsynt. Jotun har tilbud til Jenter 10-14 år og Gutar 10-12 år.

6 TRENARAR/STØTTEAPPARAT/ORGANISASJON

Trenarar og støtteapparat for laga:

Lag	Trenar	Oppmann	Foreldre-kontakt
G12(G11)	Nina Jevnaker	Yvonne Finnebotn	
G14	Rune Hunderi, Tonje Stølen Moen, Monica Offerdal Røneid og Frank Hovland	Jorunn Smedegård	Ann Kristin Moen
J10	Karianne Gudvangen, Geir Inge Agledal og Nadiya Melnykova	Elin Høl Furubotn	Elin Høl Furebotn
J11	Marita Hestetun og Janne Kristin Bjørkum	Ellen Veum	Veronika Nilsen
J12	Linda Øy og Stine Straumsheim Kauppi	Silje Berge	Lisell Måren
J13	Vibeke F. Moe og Adelheid Nes	Ann Siri Øvregard	
J14/15	Jannicke Øyre og Heidi Svori	Helene Lindborg	Anne Lise Øy
Senior	Terje Sylvarnes	Ellen Veum	

Føljande lister er reviderte av styret i løpet av sesongen:

- Informasjonsbrosjyre for IL Jotun aldersbestemt handball
- årshjul
- arrangørdagbok ~~vår~~ og haust
- oversikt over alle trenarar og støtteapparat med e-post-adresser og telefonnummer
- lister med kontaktinformasjon til føresette for kvart lag
- arrangementsliste for heimekampar
- oppmannsperm

7 UTDANNING

Det har ikkje lukkast for handballgruppa å få gjennomført noko utdanning av nokon denne sesongen. Ein viktig faktor for at dette ikkje har lukkast er situasjonen rundt covid-19.

8 REPRESENTASJON

Styret har vore representert på kampoppsettmøte for Sogn og Fjordane og sonesamling for styre, arrangert av Region Vest. Alle møter etter mars 2020 har vorte gjennomførte digitalt, anten på Teams eller liknande.

Postadresse IL Jotun Postboks 65 6882 Øvre Årdal	Besøksadresse Jotunhuset, Øvre Årdal E-Post post@iljotun.no	Telefon Telefaks	Bank 3705 39 43471 Foretaksregisteret 975 702 308
--	--	---------------------------------------	--



9 SPORTSLEGE RESULTAT

Situasjonen rundt korona har påverka sesongen 2020/2021 i stor grad. Det har vore mykje endringar og flytting av kampar, som etter kvart ofte har enda med at dei har blitt avlyste.

For laga i aldersbestemte klassar har det ikkje vorte spela kampar etter nyttår, men dei har fått trene saman stort sett heile sesongen.

Når det gjeld seniorlaget vårt har dei ikkje fått spelt ein einaste kamp denne sesongen. Dei har ytra ynskje om å få trene, og har fått gjort det så lenge det har vore innanfor det anbefalte regelverket. Det betyr at det var fokus på styrke- og kondisjonstrening fram til jul, men etter jul har dei ikkje hatt felles treningar.

10 ØKONOMI

Aldersbestemt:

IL Jotun aldersbestemt handball har ein sunn og god økonomi. Likviditeten er svært god. Inntektene dette året kjem frå refusjon av treningsavgifter og LAN/MVA kompensasjon. I tillegg har aldersbestemt saman med senior hatt gode inntekter på det største arrangementet – den årlege handballbasaren.

Senior:

På grunn av sentrale og lokale smittevernreglar har det ikkje vore kampar og liten treningsaktivitet, og det har ført til lite utgifter. Delar av dei tapte inntektene er kompensert frå støtteordningar i samband med tiltak rundt korona. Økonomien for seniorlaget er tilfredsstillande for vidare drift av laget på nivå med 2019 -20 sesongen.

11 ANLEGG

Hovudarenaen for trening og kampar er Årdalshallen. Tangenhallen har vore nytta til treningsarena og kamparena på nokre heimekampar.

Det er viktig med god planlegging når det gjeld tildeling av halltider, slik at hallen vert godt utnytta og at alle, så langt det let seg gjere, får oppfylt sine ynskje for treningstider.

Det er nok ein gong viktig å understreka at handballgruppa må ha prioritet når det gjeld bruk av Årdalshallen i handballsesongen. Det er også viktig at sommaridrettane ikkje legg sine treningstider slik at ungdommane må velja kva dei skal delta på i vekedagane om vinteren.

12 OPPGÅVER I ÅRET SOM KJEM

Det har også vore eit merkeleg år for styret, med liten aktivitet og problem med å kunne halde drifta på eit greitt nivå, då covid-19 har gitt oss ein del utfordringar med fysiske møter. Styret som no kjem i gang frå og med 2021, må ta opp dei sakene som me har måtte utsette i 2020. Styret vil forsøke å få organisasjonen til å fungere. Det inneber å få kontinuitet i styrearbeidet, og halda fram arbeidet med å utvikla handballgruppa som organisasjon. Å få dokumentert og utvikla system for korleis me driv og skal driva handballgruppa framover, vil bli ei av viktigaste utfordringane for styret framover.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3705 39 43471
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



Det må jobbast godt med rekruttering for å behalda og auka medlemstal i IL Jotun handball, sjølv om det ikkje ser ut til å ha vore stort fråfall i den merkelege sesongen som ligg bak oss. Styret si oppgåve vil i denne samanhengen vere å lage så gode rammevilkår for trenarar og spelarar at klubben kan underbygga målsetjingane sine om å vere eit godt sportsleg alternativ for ungdommane i Årdal.

Det er ei utfordring å få fleire til å delta aktivt i organiseringa rundt dei forskjellige laga i gruppa.

Det vert viktig for styret å legge til rette for trenarutdanning i tida framover.

Sportsplanen til handballgruppa vil, når den er godkjent, bli eit viktig dokument som kan vere med å legge føringar for vidare arbeid med den sportslege utviklinga.

I tillegg må det jobbast vidare med følgjande også i året som kjem:

- Inntektsbringande tiltak
- Organisering av handballgruppa
- Haldningar (hjá trenarar, foreldre og spelarar)
- Dommarutdanning
- Trenarutdanning

Det må og jobbast med ein strategiplan for handballen dei komande åra, både med tanke på det sportslege og det administrative, slik at ein får ein fast struktur og langsiktig plan i arbeidet. Dette er eit arbeid som styret så smått har starta på, men som må få meir fokus i året som kjem, for å engasjere heile handballgruppa i Jotun.

13 SPELARUTVIKLING

På grunn av situasjonen rundt korona har det ikkje vore nokon frå Jotun som har delteke på samlingar i regi av region vest eller utover treningar i eigen klubb for spelarar under 19 år. Det har ikkje vore gjennomført fellestreningar mellom aldersbestemt og seniorlaget, då seniorlaget ikkje har kunne hatt eigne treningar som normalt.

14 SAMARBEID

IL Jotun Handball ynskjer å takke sponsorar, gode støttespelarar, trufaste hjelparar og andre som har stilt opp i året som har gått, sjølv med utfordringane som covid-19 har medført. Skal me lukkast med vidare satsing på topp og breidde innan handballsporten i Årdal, er me heilt avhengige av dykk.

Postadresse IL Jotun Postboks 65 6882 Øvre Årdal	Besøksadresse Jotunhuset, Øvre Årdal E-Post post@iljotun.no	Telefon Telefaks	Bank 3705 39 43471 Foretaksregisteret 975 702 308
--	--	---------------------------------------	--

**VEDLEGG 1****Lag og sportslege resultat****Informasjon om dei ulike laga i aldersbestemt handball****Jotun, J10**

Trenarar: Karianne Gudvangen, Geir Inge Agledal og Nadiya Melnykova (ÅTIL)

Oppmann/kvinne: Elin Furebotn

Spelarar: 14 frå Jotun og 2 frå ÅTIL

Treningstid: Tysdagar Kl.16.00-17.15. Fokus på kast/mottak, skot, fintar, handballreglar og mykje speling. Varierende kva ein fokuserer på frå trening til trening.

Det har vore kjedeleg at jentene ikkje har fått spelt noko spesielt med kampar denne sesongen, men dei har teke dette veldig fint. Dei har vore nøgde med at dei har fått trena handball. Me har valt å spele ein del, som ein kompensasjon for få kampar. Dette har vore mogleg då jentene alltid har vore mange på trening. Me opplever spelargruppa som ein positiv og flott gjeng.

Jotun, J11

Trenarar: Marita Hestetun og Janne Kristin Bjørkum.

Oppkvinner: Veronika Nilsen og Ellen Veum.

Spelarar: 15 stk.

Treningstid: Onsdagar frå 16.00 til 17.30.

Me har opplevd lite fråfall kvar trening. Spelarane er ivrige, blide, positive jenter som har synt ei enorm utvikling, sjølv om dei ikkje har hatt kamptrening. Gruppa fungerer godt saman. No håpar me at sesongen 2021/22 vil by på mange kampar :)

J 12 Jotun/Årdalstangen

Trenarar: Linda Øy og Stine Kauppi Straumsheim

Oppkvinner: Silje Berge og Lisell Måren

Denne sesongen har me vore 16 jenter på laget. To jenter som har starta med handball for fyrste gong i januar, samt at ei jente starta opp att etter ei lita pause. Me er eit samarbeidslag med ÅTIL, og har med oss 3 jenter frå Årdalstangen.

Me trenar måndagar 16.00-17.15 og torsdagar 16.00-17.15. Torsdagsøkta har me hatt saman med G12, som me har trena saman med i alle år.

Me har hatt ein fin sesong, og jentene har vore treningsvillige med godt oppmøte gjennom heile sesongen. Me fekk ei helg med heimekampar, samt to kampdagar borte i Sogndal og Gaupne. Elles har me sakna eit kamptilbod, særleg etter jul.

Til jul hadde me ei kjekk avslutning med pizza på Mama Mia.

Dette er ei kjekk gruppe å vere saman med, og jentene utviklar seg. Dei heiar på kvarandre, og alle har det moro med ball.

PostadresseIL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal**Besøksadresse**Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no**Telefon****Telefaks****Bank**3705 39 43471
Foretaksregisteret
975 702 308

Jotun, G12 (+G11)

Trenar: Nina Jevnaker

Oppkvinne: Yvonne Finnebotn

I år har G12 vore eit samarbeidslag mellom Jotun og ÅTIL. Det har fungert veldig godt og er noko me gjerne vil satse på også neste sesong. Jotun-gutane har vore 8 faste spelarar som har vore på trening. ÅTIL-gutane er omtrent det same. Det har vore veldig kjekt å ha ei spelargruppe på rundt 15 gutar kvar trening. Då har me fått gjennomført varierte og artige treningar der ein også kan få spelt mykje. Dette har vore avgjerande i eit år der nesten alle kampane gjekk ut på grunn av koronasituasjonen. Gutane har vore positive og treningsvillige heile sesongen, men det merkast at dei saknar å spele kampar. Treningsarbeidet er ikkje alltid like motiverande når ein ikkje har kampar å trene mot. Det gjeld nok både for spelarar og trenarar. I treningsarbeidet har me framleis stort fokus på å ha det moro med ball, men det byrjar også å bli fleire tekniske og taktiske handball-øvingar. Det er kjekt! Det har elles vore utviklande for mange å få ei eiga gutetrening der dei får bryne seg meir på kvarandre. Me meiner også at me har klart å skape eit godt miljø på samarbeidslaget som forhåpentlegvis gjer at mange av gutane vil halde fram med å spele, slik at me kan ha lag fleire sesongar framover

Me har hatt faste treningar på Tangen kvar måndag frå 18.00 – 19.30, og torsdag i Øvre frå 16.00-17-30. Måndagane trenar då Jotun- og ÅTIL-gutane saman, medan Jotun-gutane har felles trening med Jotun J12 på torsdagar. I dette årskullet har jenter og gutar trena saman sidan dei starta med handball og det fungerer framleis bra. Me vil sjå på om me skal halde fram med den ordninga også neste sesong. På torsdagane har også G11 trena med oss. Dei har ikkje vore så mange. Det er 1 spelar som ofte er på trening, og så er dei 2-3 som er innom av og til. Det er usikkert korleis denne ordninga blir til neste år.

Takkar elles styret for pengar til juleavslutning. Då hadde me kjekke Mesternes Mester-øvingar og pizza på Mamma Mia. Slikt er stas og skapar gode relasjonar.

Frå «bottle flip»-konkurransen:





Jotun, J 13

Trenarar: Vibeke Fusche Moe og Adelheid Nes

Oppkvinne: Ann Siri Øvregard

J 13 trenar i Årdalshallen på måndagar og i Tangenhallen på onsdagar. Det er 14 jenter på laget, 9 frå Øvre og 5 frå Tangen. Denne sesongen har vore annleis for alle på grunn av Covid-19. Kampar har blitt avlyst og treningshall stengt i periodar. Trass i dette har det vore godt oppmøte på trening og god innsats. Jentene har greidd å holda motivasjonen oppe. Me har ikkje opplevd fråfall på grunn av Covid-19. Fire nye jenter har byrja på laget og ei har slutta. I år har me byrja å trena meir på system i forsvar og angrep. Det er ei omstilling å spela meir etter system, men det går seg til.

J 13 fekk spela fem kampar denne sesongen. Kampane var jamne. Me vann to kampar med to mål, og tapte tre kampar med to mål.

Me har hatt treningskampar både mot J 12 og G 12. Dette har vore god kamptrening for oss.

Me har lagt vekt på å ha ei sosial samling til jul og ei handballavslutning i vår. Då har Jotun spandert pizza og brus på spelarar, trenarar og oppmann. Dette har vore veldig kjekt.

Sjølv om sesongen er avslutta ynskjer jentene å trena meir. Det er eit godt teikn. Dei likar handball og trivst godt i lag.

Jotun J 14

Trenarar: Jannicke Øyre Nundal og Heidi Svori (Vibeke F. Moe deltek av og til)

Oppmenn: Helene Lindborg og Anne Lise Øy

Spelarar: 16 stk, (ti som er fødte i 2006, fem som er fødte i 2005 og ei som er fødd i 2004)

Me har trena kvar måndag (19.00-20.30) og onsdag(18.30-20.00) sidan august, og held framleis på (8. april). Me laga ein plan for treningane i haust, og har heldt oss delvis til denne. Utgangspunkt for planen er handballforbundet si utviklingstrapp. Me har hatt varierte treningar der me har øvd på alle delar av handballspelet: ulike typar forsvar, ankomst, etablert angrep og returløp. Me har og øvd spesifikt på taklingar, ulike skot, teknikk, basistrening og finting. Etter kampar har me hatt fokus på det som ikkje fungerte heilt, og øvd oss på dette. Dette året har me og jobba mykje med ulike trekk, og terpa på desse. Dette er fordi at spelarane er såpass gamle no, at dei er modne for slik trening. Me er og bevisste på at treningane skal vera lystbetonte, slik at me skal halde både på motivasjon og spelarar.

Før jul gjekk kampprogrammet som vanleg. Sidan dei fleste av spelarane er fødte i 2006, så spelar dei «opp» ein årsklasse. Dette fører til at serien blir noko tøff, og at mange av laga er ein god del betre enn oss. Me vann ein seriekamp før jul. Etter jul har det ikkje vore nokon kampar, pga pandemien. Likevel har det vore veldig godt oppmøte på trening, og jentene er positive og syner god innsats. Me har heldigvis hatt fleire treningskampar mot G14. Dette er kjekt og motiverande for jentene. Å ikkje få spele kampar er sjølv sagt dumt, men me tykkjer at spelarane likevel har klart å motivere seg.

Det er ei fin treningsgruppe med eit godt miljø. Det er ein god tone på trening, og difor er nok også oppmøtet så godt. På treningane er det målvaktene som kanskje ikkje får nok utfordringar. Dette vil me prøve å få betre til neste år. Det hadde og vore kjekt om handballgruppa fekk til at det kom nokon og tok lagbilete av laga.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3705 39 43471
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

**Jotun, G14**

Trenar: Rune Hunderi, Monica Offerdal Røneid, Tonje Stølen Moen og Frank Hovland

Oppkvinne: Jorunn Smedegård

Foreldrekontakt: Elin Høl Furebotn

G 14 starta opp med 12 spelarar i haust. Same gjengen som var med førre år. Me har fått med oss ein spelar frå ÅTIL. Det er elleve 2007-spelarar og ein frå 2005. For at 2005-spelaren skal få vere med å spele kamp, har me valt å melde gutane på i ein serie opp, altså 14-årsserien.

Me trenar fast tysdagar klokka 19:30-21:00 og onsdagar 20:00-21:30. Me køyrer ekstratrening fredagar alt etter korleis det passar. Dette er ein såkalla «frivillig» trening, men me ser at dei fleste møter.

Me har spelt fire kampar i denne sesongen. To bortekampar og to heimekampar. Resten av kampane har vore avlyst grunna korona-situasjon. For å kompensere for dette har me køyrt treningskampar mot J15/16. Dette har vore relativt jamne og kjekke kampar. Kjell Ove Fortun har stilt opp som dommar.

Gutane er innforstått med at det blir lite kampar i år. Dei har tykt det har vore kjekt å spele treningskampar, for å få litt kamptrening. Me skulle gjerne hatt publikum til stades, men det har berre vore mogleg ein gong. Dette har vore etterspurt både frå ivrige foreldre og spelarar.

Gutane er flinke til å møte opp, og dei er ivrige på treningane. Me har øvd mykje teknisk i år og med speleforståing. Det har vore relativt lite fokus på forsvarsarbeid, men dette har me ein plan for.

Me har inntrykk av at gutane har det veldig kjekt saman. Dei er samansveisa, og har i all hovudsak ein god tone, både på og utanfor bana.

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon
Telefaks

Bank
3705 39 43471
Foretaksregisteret
975 702 308